

Rapport: Medverknad våren 2023

Tema:

Uterom



Innleiing

Medverknad

Kommunen skal arbeide for å få størst mogleg offentlegheit og reell medverknad i planarbeidet. Rapporten inneheld ei oppsummering og vurdering av innspela som er komme om uterom. Det har i innspelsperioden vore høve til å senda innspel til kommunen og gjennom:

- Pilotprosjekt: Barne - og ungdomskultur i kommunal planlegging
- Folkemøter med kafédialog
- ByLab og desentraliserte kontordagar
- Digital møteplass
- Gjestebod
- Innspelsmøter
- Folkehelseforum
- Arbeidsgruppe aldersvenleg lokalsamfunn
- Planfagleg innspelsmøte
- Bransjemøte, byggebransjen
- Foreldremøte (FAU)
- Bøndernes innspelsmøte
- Politiske utval: Ungdomsrådet, Eldrerådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Kontaktutvalet for flyktningar og innvandrarar
- Frukostmøte med Stord Næringsråd

Dette skal innspela brukast til

- Rullering av kommuneplanen sin arealdel: Inkluderande fellesskap er eit av satsingsområda frå samfunnsdelen. Tiltak for å nå målet er blant anna å etablere leikeareal, møteplassar og felles uterom som fremjar inkludering og sosiale fellesskap. I arealstrategien er det slått fast at det skal leggjast vekt på å skape møteplassar og uteareal som kan nyttast for alle aldersgrupper, og at det skal utviklast kvalitetskrav i samband med opparbeiding av felles uteoppfallsareal. På denne bakgrunn skal det utarbeidast eit regelverk / norm som skal gjelda for leikeareal, utomhusareal og møteplassar
- Prosjekt: Attraktive uterom med lokal identitet. Stord har i ny kommuneplan mål om at kommunen sine senter skal fremje berekraft, attraktivitet og inkludering. I prosjektet ønskjer me å få på plass ei norm for utforming av felles uterom og ferdselssoner i sentrumsområda. Norma skal gi offentlege og private utbyggjarar føringar for utforming og design, innhald, og val av materiale og planter i opparbeiding av uterom og ferdselssoner. I tillegg til formelle krav skal norma byggje på kunnskap om lokal identitet og særpreg, miljø- og klimavennlege løysingar, og innbyggjarane sine ønskjer og behov. Inkludering, mangfald og tilgjenge for alle skal vektleggjast.



Døme på innspel:

Oversikt over innspel er tatt inn i samlingsrapporten "Medverknad gjennom møteplassar, våren 2023"

Frå arbeidsgruppemøte til Aldersvenleg lokalsamfunn

- Dekke - skal det vera asfalt/steinlagt/grus? Det må tenkast framkommelighet, identiteten til Leirvik, gjennomførbarhet, estetisk/fint, gjenbruk av materiale
- Planter - ikkje for mykje bjørk eller plen pga allergi. Frukttre er positivt. Kristtorn som er vår identitet Planter som greier seg sjølv mest mogeleg. Asaltre (som i Osen). Låg barlind. Blomsterkassar som kan flyttast.
- Viktig at det er lettstelt, for kven skal stelle det
- Aktivitetar (aldersvenlege)
 - Ikkje berre benkar og blomar, trengs og aktivitetar
 - Trimsykkel (eks. som kan lage straum til å lade mobil)
 - Gynger (som lagar musikk/klokkespel)
 - Dekning - wifi, ladestasjon
 - Vannstasjon
 - Sjakk og andre spel
 - Hjernetrim
 - Kultur- og/eller historiske innslag.

Frå ulike deler av medverknadsprosessen

- Planfagleg innspelsmøte: Hensiktsmessig form. Skjerm mot trafikk, støy. For alle aldersgrupper. Gjeldande føresegner til leikeplassar gjev ikkje god kvalitet, bør bevare naturleg terreng. Samle arealet, sjå området i heilskap for variasjon. Trygg tilkomst viktigare enn avstand. Leikeområde blir ofte nedprioritert.
- Bransjemøte: Dagens ballplasskrav er galskap, det burde vera fleksibilitet til å skape møteplassar som blir brukt og ikkje bare ballplassar som blir overgrodd.
- Foreldre FAU innspelsmøte: Leikeplassar kan vere estetisk utforma, i tråd med omgjevnadane. Spanande, utforskande aktivitetar, i kombinasjon med sitteplassar for vaksne, kafe, kiosk osv. Unngå stereotyp utforming. Meir variasjon i leikeområda. Aktivitetar for alle aldrar
- Bylab: Møteplassar: skape miljø. Blande generasjonar. "vil ikkje sitte bare sammen med eldre - vil sjå barn og ungdom også"
- Kontaktutval for innvandrarar og flyktningar: Skape fleire felles møteplasser i sentrum, for innandørs-og utandørsaktiviteter tilpassa alle aldersgruppe"
- Pilotprosjekt: Plassar der alle kan leika og fleire leikeplassar



Døme på innspel: Innspel frå dei minste

Eining for kultur og fagkontor plan fekk midlar frå Kulturtanken til gjennomføring av eit prosjekt som skulle ha fokus på barn og unge si medverknad i kommunale planprosessar. I prosjektet blei det mellom anna henta innspel frå barnehageborn.

Sagvåg Maritime FUS barnehage

- Barna er opptekne av at dei skal kunna ferdast i naturen, at dei skal ha tilgang til sjøen og at det vert tilrettelagt slik at «alle» kan leika og vera i naturen/samlast der. Tilgjengelegheit til sjø/strand er viktig.
- Dei ynskjer plassar der dei kan samlast og leika og vera i lag med vener og familie. Tilgang til leikeplassar er og viktig, barna opplever at det er leikeplassar som dei ikkje får nytta, grunna i at dei høyrer til blokker/burettslag m.m.
- Opplevinga av å ha utsikt, å kunna sjå langt vert mykje nemnd. Vidare snakkar barna om at det kunne vore fine skilt/bilete rundt omkring. Dei er opptekne av å ha det fint rundt seg, gjerne ting med mange fargar og ting som kan lysa når det er mørkt.
- Kva material ting er laga av synast og viktig for barna, dei trekker fram materiale som treverk, plast og aluminium.
- Det er gjennomgåande tema i innspela/tankane frå barna om at dei ynskjer aktivitet, den skal gjerne være i nærleiken og det skal vera plass til mange/fellesskap.

Villvettene Friluftsbarnehage

- **Viktige naturelement som må vera tilgjengeleg i nærmiljøet:**
 - Urørt fri natur, strand og sjø, vatn, fuglar, ville dyr, insekt, fisk, krabbar, blomar, bær, gras, strå, buskar og tre, utsikt - tilgjengelege «fjelltoppar»
- **Viktige kulturelement som må vera tilgjengeleg i nærmiljøet:**
 - Landbruksmaskinar, beitedyr, hytte, lavvo - stadar å gå inn når ein er ute, leirplassar, båtliv og fiske, store tre, naturleikeplassar, turstiar
- **Viktige kvalitetar for gode opplevingar utandørs:**
 - Spaning, risiko, utfordring, ro, gøyme seg
 - Kjenne på elementa (vêr og vind, bølger, varme og kulde, mørke og lys m.m.)
 - Utforske, få overblikk - sjå langt, studere det heilt nære
 - Bruke heile kroppen: Klatre, balansere, hoppe, rutsje
 - Lage/skape noko, bruke naturen, lage sin eigen leikeplass, bli kjent med og bruke reiskapar
 - Omsorg for det som veks og lever. Berekraft
 - Bli kjent i nærmiljøet og med historia til staden
 - Vere saman, leike saman, vere i fred, leike i fred



Døme på innspel

Folkemøte:

Folkemøte med kafédialog, Nysæter ungdomskule,
23. Mars 2023. Fokus på nærmiljø. Spørsmål: Kva kjenneteiknar ein god
møteplass i nærmiljøet

Lokalisering og utforming

- Tilknytt turveg, turmål. Døme: Dagsturhyttene, gapahukar.
- Varierte stadar, tilpassa ulike grupper/interesser
- Gå avstand frå bustad
- Godt synleg frå ferdselsveg, lett å «droppe innom» når ein kjem forbi. T.d. på veg frå butikken.
- Solrikt, spesielt kveldssol. I le for vind
- I tilknytning til andre funksjonar (idrettsanlegg, helsestasjon osv.)
- Samlokalisert med organisert aktivitet
- Ved kulturminne
- I vakre omgjevnader (fin natur, utsikt, ro)
- Sitjeplassar under tak
- Tilgang til toalett. Jamleg renovasjon.
- Unngå unødig inngrep i natur rundt møteplassen og tilkomstveg. Ta vare på naturlege omgjevnader
- God tilgjenge der det er mogleg. God merking
- Innandørs møteplassar bør ha store vindauge - god kontakt med det som er utanfor
- Sitteplassar - benker og bord. Grillplassar.
- Wifi. Straumuttak for lading.

Aktivitetar

- Open dør for alle
- Noko som skjer, aktivitet, ikkje berre sitjeplassar.
- Lågterskelaktivitetar, ulike interesser (strikkekafé)
- Gjerne fleire aktivitetar samtidig, møtes på tvers av interesser
- Uformell uorganisert aktivitet saman med organisert aktivitet
- Utandørs møteplassar kan gjerne legge til rette for aktivitet - leik, trening, petanque, klatring osv.
- Kafé tilrettelagt for barnefamiliar, eldre. Ikkje alkoholserving. Sitjeplassar inne og ute.
- Kulturløype



Innspel om kva funksjon uteromma skal ha

Vurdering

- Ein stor del av innspela var knytt til at uteromma skal ha ein sosial funksjon. Det skal vera ein plass der ein kan vera i lag, skapa miljø og ha eit fellesskap som er ope for alle.
- Dei fleste som kom med innspel fokuserte på at det skal tilretteleggast for aktivitet i uteromma. Her vart leik, spel, trening, klatring og hjernetrim trukke fram som døme. Det vart også peika på at det må leggast opp til ulike aktivitetar i same uterom, og at det bør leggast opp til både uformell uorganisert aktivitet og organisert aktivitet. Uterommet kan også vera eit turmål eller del av ei løype.
- Nokre av innspela kan knyttast til at uteromma skal ha ein formidlingsfunksjon. T.d. er det komme innspel om å ha kultur- og/eller historiske innslag, skilt og andre informasjonsoppslag, utstillingar, kunst, kulturløype og å ha uterom ved kulturminne.

Stikkord

- Samvær, samlast, blande generasjonar, vera i lag, vener, familie,
- Skape miljø, lågterskel, samlokalisert, "open dør", fellesskap, for alle
- Leik, spel, trening, lågterskelaktivitetar, ulike interesser, uformell uorganisert og organisert aktivitet, turløype/mål
- Kulturløype, kulturminne, oppslag, utstilling



Innspel om kva kvalitetar uteromma skal ha

Vurdering

- Mange framheva ønske om å ha uterom med naturkvalitetar og utsikt. Her vart naturleg terreng, sjø og strand trukke fram. For barna er det å kjenne på elementa, vêr og vind, bølger, varme og kulde, mørke og lys viktig for gode opplevingar utandørs. Samstundes vart det også peika på at uteromma skal vera allergivenlege.
- Det kom fram fleire ønske om skjerming, herunder ro, ly og le. Det kom også fram ønske om solrik plassering og lys.
- Fleire viste til kvalitetar knytt til estetikk, form og heilskap. Herunder at uteromma skal vera fine, ha fargar og ei føremålstenleg utforming.
- Når det gjeld materialkvalitet, kom det fram ønske om treverk, plast og aluminium, og at det skal vera fokus på gjenbruk. Når det gjeld dekket, må det tenkast framkommelighet.
- For kvalitetar knytt til vedlikehald, vart det framheva behov for at uteromma skal vera lettstelte. Fleire viste til at mange leikeplassar er utsett for forfall og at uteromma ikkje blir brukt om dei ikkje blir halde vedlike.
- Det var også ønske om opplevingskvalitetar, herunder at det skal vera variert og spennande.
- I det planfaglege innspelsmøte kom det fram meiningar om at gjeldande føresegner til leikeplassar ikkje gjev god kvalitet.

Stikkord

- Natur, sjø, strand, naturleg terreng, utsikt
- Ro, ly, le, solrikt, lys, skjerma frå trafikk
- Heilskap, estetisk, fint, fargar
- Treverk, plast, aluminium
- Gjenbruk
- Allergivenleg
- Lettstelt
- Spanande, variert,
- Samlokalisert, tilrettelagt



Innspel om kva innhald uteromma skal ha

Vurdering

- "Møblering": Det vart framheva at det er behov for variasjon i kva som blir plassert i uteromma. For aktivitet er det føreslått klatrevegg/stativ, trimsykkel, gynger, sjakk og andre spel, mv. For opphald er det føreslått benkar og bord, sitteplassar under tak og grillplassar.
- Service: Mange peika på behovet for vedlikehald og renovasjon (inkludert bosshandtering), andre ønskte seg Wifi, mulighet for lading, vassfontene, kiosk / kafe og toaletter.
- Fleire innspel var knytt til å gje uteromma lokal identitet. Det vart vist til bruk av planter som kristtorn, asaltre og barlind, natur, sjø, kulturminne, kulturløype og historiefordling.

Stikkord

- klatrevegg/stativ, trimsykkel, gynger, sjakk, spel, benkar, bord, grillplass
- Wifi, lading, vassfontene, grillplassar, kiosk / kafe og toaletter
- kristtorn, asaltre og barlind, natur, sjø, kulturminne, kulturløype og historiefordling



Innspel om plassering av, omfang og krav til uteromma

Vurdering

- Det kom fleire innspel knytt til "vegen dit". Det vart føreslått uterom tilknytta ei løype, t.d. som eit turmål eller i ei kulturløype, eller lett å "droppe innom" på veg frå butikken e.l. Nokon framheva at trygg tilkomst er viktigare enn avstand, at det skal vera god tilgjenge der det er mogeleg, medan andre var opptatt av at det ikkje skal vera stor avstand frå bustaden.
- Når det gjaldt plassering var det fleire forslag om samlokalisering, herunder med møteplassar for organisert aktivitet, ved eller på veg til handel- og tenestefunksjonar (t.d. skular, helsestasjon), kulturminne, eller, som nemnd over, i samband med kulturløype eller løypenettverk. Det kom også inn innspel om at uteromma bør vera godt synleg frå ferdselsveggar, plasserast på solrike plassar (spesielt kveldssol) og i le for vind, i vakre omgjevnader, og på varierte stadar tilpassa ulike grupper/interesser. Det vart også framheva at ein ved plassering må sjå området i heilskap for variasjon
- Det er også komme innspel om at dagens krav til omfang/avstand/innhald ikkje sikrar god kvalitet og at det er eit ønske om større fleksibilitet i regelverket. Ei tolking av innspela er at det er viktigare med kvalitet enn kvantitet når det gjeld uterom. Samstundes kom det innspel med ønske om fleire leikelplassar.

Stikkord

- "Vegen dit", løype, turmål, kulturløype, "droppe innom" trygg tilkomst, avstand, god tilgjenge
- Samlokalisering, merking, synleg, solrik, vakre omgjevnader, variasjon, heilskap
- Fleksibilitet, kvalitet

